

## **Referat frå årsmøte i Fogn grendalag - 15. mars 2024**

Stad: Fogn Oppvekstsenter

Klokka: 18.00-20.00

I overkant av 30 medlemmar møtte opp

### **Sak 1 - Val av møteleiar, referent og to til å godkjenna referatet**

Møteleiar: Ole Klingsheim

Referent: Håvard Østhus

Godkjenning av referat: Pål Rune Grønås og Øyvind Sandanger

### **Sak 2 - Årsmelding og rekneskap**

Ole Klingsheim la fram årsmeldinga som vart vedteken med akklamasjon.

Christoffer Inge Hovda la fram rekneskapen som vart vedteke med akklamasjon. Noko av grunnen til at tala er raude i år, er at Grendalaget har lagt ut for eindel stein, der også andre lag skal bidra med finansieringa.

### **Sak 3 - Prioriterte område for grendalaget i 2024**

Ole Klingsheim orienterte om at styret, per no, hadde desse prioriterte områdene:

- Samferdsel og båtruter
- Dagsturhytte og stinettet
- Kraftliner over Fogn

Fylgjande innspel til styret kom frå medlemmar i møtet:

- Skilting bør komme på plass frå Sæbøvåg til Dagsturhytta, og ned igjen.
- Parkeringsplassar i tilknytning til turstinettet bør skiltast i større grad.
- Kan vi få til ei ordning med bisyklar på Fogn, liknande slik det er i Stavanger og på Nord-Jæren? Det har vore dialog om dette før, og dei har fått noko til på Sjernarøy. Styret blir oppfordra til å ta kontakt med Kolumbus.

### **Sak 4 - Andre innkomne forslag/ymse**

Ingenting var kome inn her

### **Sak 5 - Val av nytt styre, leiar, revisor og valnemnd**

Heidi Bø Sangedal frå valnemnda leia dei ulike vala, der alt vart vedteke med akklamasjon.

Styremedlemmer for 2 år:

- Ona Batutiene
- Jon Olav Runestad
- Wictor Juul

Leiar for 1 år:

- Wictor Juul

Til info har desse 1 år att i styret:

- Trond Egil Sivertsen
- Liv Bottolfs
- Oddny Kjølvik
- Ole Klingsheim

Valnemnd:

- Tone Østhush, leiar, 1 år att
- Kristoffer Øshus, 2 år att
- Else Jorunn Løland, 3 år att (ny)

Revisor:

- Ottar Sandanger

## **Sak 6 - Temasaker med kort oppdatering frå ulike personar + innspel frå medlemmane**

- TURSTIANE OG STIEN FRÅ KAIEN v/Oddny Kjølvik og Jakob Bø
  - Oddny: Eiga gruppe som har hatt, og vil ha, dugnadars på dagtid i tilknytning til turstiane på Fogn. Kjekke samlingar med mat/kaffi mot slutten, ofte på Dagsturhytta. Lov å koma med forslag til nye stiar, Sulsøy er mellom anna spelt inn her. Info om dugnadars kjem etterkvart på Fogn.org.
  - Jakob: Stein er kjøpt inn med tanke på stien frå kaien og opp til byggefeltet i Liane. Trond Egil, Jon Olav og Jakob har planlagt, og folk kan gjerne bli med både på planlegging og dugnadars, som det etterkvart blir kalt inn til.
  - Innspel frå salen: Oppfordrer turstigruppa til å sjå kva som kan gjerast på dei partia som er veldig blaute/sørpete. Mogleg med fleire plattingar?
  - Innspel frå salen: Mogleg å ha nokre enkle båtar liggande fast i Sulsøy, slik at folk som går dit enkelt kan koma seg vidare til Rossøy der det er både flott tursti og gode bade/grillmogleigheter?
- KRAFTLINE OVER FOGN v/Jon Olav Runestad
  - Det politiske miljøet ynskjer å grave ned, men Lyse er innstilt på å gå for luftspenn, som skal vere rimelegare. Stavanger kommune vurderer å ta kosten ved behov. Det vil vera ny synfaring i mai månad.
- SAMFERDSEL (Øyfast og båtruter) v/Øyvind Sandanger

- Eiga gruppe jobbar framleis for Øyfast. Øyvind er med i denne gruppa.
- Arnstein og Øyvind har stått på når det kjem til rutekutt, og mellom anna fått på plass nytt anløp kl. 19.00, for å erstatta anløpet kl. 18.15, som vi mista. Det er også sendt innspel til framtidige behov knytta til nytt hurtigbåtanbud.
- Ferjerutene står framleis fast i 6-7 år til, men vi må vere på vakt når det er tid for ruteendringar. Fogn har flest personbileiningar av alle øyane.
- Viktig å stilla på møtet om ferjesaka (innføring av betaling) på tysdag kl. 18.00 på Fogn oppvekstsenter.
  
- **VANDREMIDDAG** v/Håvard Østhushus
  - Fogn IL, Helselaget, Grendalaget, Kyrkja og Bedehuset vil arrangera vandremiddag også i år. Men arrangementet blir flytta til hausten, sidan det skjer så pass mykje anna på våren. Dette er ikkje "Kokkekamp", men ein god anledning til å få, og gå på besøk til folk ein ikkje er med til vanleg. Meir info kjem, men noter datoën laurdag 14. september!
  
- **BOKSKAP OG BIBLIOTEK** v/Merete Meling Kindingstad
  - Merete orienterte om korleis ordninga med utlån av bøker frå automaten ved Joker Fogn fungerte. Har ein tilgong her, kan ein også låna bøker ved andre automatar og biblioteker i heile Noreg. Ho fortalte også om andre tilbod på og i regi av biblioteket på Finnøy.
  
- **JOKER FOGN** v/Pål Rune Grønås
  - Takk for god respons på spørjeundersøking som vart sendt ut nyleg, over 160 svar! Mykje skryt av service og rein/ryddig butikk. Det folk er mest misfornøgde med er prisane. Viktig å understreke at det er like prisar for alle Jokerbutikkar i heile Noreg, men prisane endrar seg gjerne fleire gonger til dagen. Å bli Kiwi er uaktuelt, til det er omsetninga alt for låg.
  - Det er relativt stor handelslekkasje på Fogn. Norgesgruppen sikter mot lojalitet på omlag 85%, på Fogn har ein rekna ut at lojaliteten er på omlag 57%.
  - Omsetninga har gått ned med 10-15% i same periode som prisauken i Noreg har vore omlag 20%. Samanlikna med 2021 var 2023 eit dårlig år.
  - Vurderer innføring av auka opningstider med delvis sjølvbetent butikk som også kan vere open seine kveldar og på "raude dagar".
  - Joker Fogn er drivverdig, dersom lojaliteten er stor nok.
  - Innspel frå salen: Butikken er veldig viktig og dei som driv den gjer ein kjempejobb!
  - Innspel frå salen: Bua utanfor er ein viktig møteplass for mange. Bra at dei som gjerne arbeider ein og ein har ein plass å møtast til lunsjen. Bra folkehelsetiltak også på ettermiddagstid.
  - Innspel frå salen: Vi har prøvd å vere utan butikk på Fogn, det er ingen god situasjon å vere i. Vi må unngå at det skjer igjen, og vere lojale overfor butikken, sjølv om det kostar litt meir å handle der.

- Innspel frå salen: Viktig å vere lojale overfor butikken, men ynskjer ikkje at den skal vere open på rauda dagar. Folk kan gjere unna handelen på kvardagar/laurdagar, og heller ha ein roligare dag på søndag/raude dagar.
  - Innspel frå salen: Viktig at det ikkje blir snakka ned når folk handlar på tilbod. Tilboda er til for å få folk til butikken, og så er det butikken si oppgåve å få dei til å også handla varer til ordinær pris når dei er innom.
- 
- ANDRE INNSPEL
    - Heidi Bø Sangedal informerte om gudsteneste på dagsturhytta søndag 7. april kl. 17.00.
    - Pia Myrvold informerte om The Fogn Experience, der det mellom anna er laga ny nettside. Ho saka også Facebook-sida om kjøp og sal på Fogn, og håper denne blir tatt tak i igjen, i ei eller anna form.
    - Svein Østhush informerte om at han og Jon Arne Helgøy arrangerer solskinnstur til Lysefjorden onsdag 5. juni. Framleis 15 ledige plassar, ta kontakt med Svein.

Møte slutt kl. 20.15.

Referent: Håvard Østhush

Referat er godkjent av Pål Rune Grønås og Øyvind Sandanger